



Bergen 13.05. 2014

### Synfaring på Sæbø – Radøy

Arild Sætre, Museumssenteret i Hordaland (MUHO) og Roald Landøy, Hordaland Fylkeskommune (HFK) var 29.04.2014 på synfaring på det gamle våningshuset på Kvamme på Sæbø. Bakgrunnen for synfaringa var at eigarane no ville ha ei tilstandsvurdering og ei ny vurdering av om det er mulig å bruke/bu i huset. Tilstades var og eigarane Ivar, Reidun og Ingrid Thorsheim.

Eigarane har søkt Radøy kommune om rivingsløyve på huset, og fått nei. Situasjonen er dermed uholdbar for bygningen, i den forstand at dei ikkje ser noka framtid for den, og av same grunn ikkje vil bruke ressursar på istandsetting. Bygningen er prega av forfall, som på ulike stader akselererer.

Det har vore usikkert kva status lafteverket er i der dette ikkje er synleg. For å skaffe oss betre oversikt over det blei vi samde med eigar om å demontere/avdekke deler av panel/plate som er montert på innsida. Arild Sætre har tidlegare føreteke ei mindre avdekking på utsida, som ga grunn til uro. Der var det fuktig isolasjon mellom kledning og laftet, noko ein kunne forvente å finne lenger opp i veggen og.

Det blei gjort ei mindre avdekking i den søre stova. Tømmeret i denne er synleg frå rommet mellom vernemuren og stova, og ein har tenkt at denne delen kan være den eldste på huset. På innsida syner det seg at laftet ikkje var heilt sletthogd, men berre lekta inn og panelt (perlestaff). Laftet er og supplert – truleg i samband med at stova er flytt dit. Lafteverket framstår dermed som mindre autentisk.

I den nordre stova blei det og gjort ei mindre avdekking ved vindaug mot sørvest. Det ein ser er at beitski er borte, pga at vindaug som er satt inn er større enn det opphavlege. Rommet som står fram med størst autentisitet er soverommet mot nordvest (andre etg). Det generelle inntrykket er dermed at bygningen er ombygd og tilbygd i den grad at verneverdien er redusert, i tillegg vil ein måtte endre den ytterlegare i samband med ei eventuell endring til ny bruk dels grunna uforsvarleg låg takhøgde, og sviktande konstruksjonar.

Vi har difor konkludert med at bygningen ikkje representerer eit godt nok utgangspunkt for ei antikvarisk forsvarleg istandsetting.

Derimot meiner vi at plasseringa og nokre element i bygningen godt kan nyttast i ein ny situasjon. Ein tenkjer då først på vernemuren i gavlen mot sør, og dernest på at den eine laftekassen kanskje kunne brukast i ein ny setting som historiefortellande element. Vidare er det viktig å ha auge for form og volum slik at ikkje staden blir «nedbygd» i ein eventuell ny situasjon.

Roald Landøy  
Sivilarkitekt  
Bygningsverntenestane  
Hordaland Fylkeskommune

Arild Sætre  
Sivilarkitekt  
Kulturverntenesta i Nordhordland  
Museumssenteret i Hordaland